

Biblioteket sine media

- Bøker
- Tidsskrift
- Aviser
- Lydbøker
- Videofilmar
- Språkkurs
- Internett for publikum
- Kommunale saksdokument
- Fjernlån
- Framandspråklege bøker

Bøker

Vi har om lag 22.000 bøker til saman på Bykle Folkebibliotek og Hovden Filial. Det er bøker for born, ungdom og vaksne, skjønn- og faglitteratur.

Sjå i vår bokdatabase. (link til bokdatabasen)

Nokre bøker bl.a. oppslagsverk er ikkje til utlån, men berre til bruk i lesesalen.

Bøker som me ikkje har sjølv, kan vi låne frå andre bibliotek.

Utlånstid på bøker: 4 veker.

Tidsskrift

Vi har 28 tidsskrift på Bykle Folkebibliotek og 18 tidsskrift Hovden Filial.

Kopi av artklar i andre tidsskrift, kan vi skaffe ved fjernlån.

Sjå i vår bokdatabase. (link til bokdatabasen)

Utlånstid på tidsskrift er 14 dager.

Aviser

Vi har Setesdølen (link til: <http://www.setesdolen.no/>) og Dag og Tid (link til <http://www.dagogtid.no/>)

Lydbøker

Biblioteket har om lag 300 lydbøker for born, ungdom og vaksne.

Sjå i vår bokdatabase. (link til bokdatabasen)

Utlånstid på lydbok: 4 veker.

Videofilmar

Til saman på Bykle Folkebibliotek og Hovden Filial har vi om lag 300 video til utlån.

Det er filmar for både barn, ungdom og vaksen.

Sjå i vår bokdatabase. (link til bokdatabasen)

Utlånstid på video er 7 dager – ein veke.

Språkkurs

Biblioteket har språkkurs i desse språka; engelsk, spansk og tysk.

Språkkurs i anna språk kan vi få på fjernlån.

Utlånstid på språkkurs er 8 veker.

Internett for publikum

Både Bykle Folkebiblioteket og Hovden Filial har to datamaskiner med internett-tilgang og skriver for publikum.

Klikk [her](#) (lenke til Regler for bruk av internett ved Bykle Folkebibliotek) for meir informasjon.

Kommunale saksdokument

Kommunale saksdokument til Bykle kommunestyre, Sektorutval for drift- og tenesteyting og Sektorutval for plan- og utvikling legges ut på både bibliotekavdelingane.

(Når disse saksdokumentane kjem på nettet kan det ligge ein peker her)

Fjernlån

Bykle Folkebibliotek er ein del av det nasjonale biblioteknettverket og vi kan låne inn materiale vi ikkje eig sjølv.

Bøker o.a. kan vi låne frå alle norske offentlege bibliotek og bibliotek i utlandet.

Utlånsreglementet for Bykle Folkebibliotek gjeld og for desse utlåna.

Framandspråklege bøker

Biblioteket har sjølv eit lite utval i bøker skrivne på engelsk.

For bøker på andre språk, kan vi låne inn einskilde bøker eller depoter frå Deichmanske bibliotek. Spør bibliotekar om boklister!

Utlånstid: 4 veker